

Kyrkjebladet



- 3 / Kjell Nese til minne
- 8 / Kyrjekoret feirar 50 år
- 9 / Nynorsk salmebok 100 år

Velkommen hjem
- side 4



Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik,
Jorunn Haukås, Erik Rodal.

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 5700
Foto framside: Odd Mehus

Neste utgåve: 21. nov
Materiellfrist: 24. okt

Arna kyrkje kontor
Lakslia 21 (Arna Kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid: tysdag, torsdag og fredag
kl 10-15

Tilsette og kontakinfo

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd
Facebook: Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen

Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no,
tlf: 957 95 324

Kapellan: Gina Marie Reisæther-Thu
gr693@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf,
os377@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840

Kateket: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd

Open kyrkje: onsdagar kl. 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626

Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no

Trusopplærar: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Styrar i Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim, sakkeusopenbhg@
outlook.com

Vil du gje ei gåve?

Arna kyrkje
Konto: 1506.60.81157
Vipps: 11237

Ytre Arna kyrkje
Konto: 5081.08.12726
Vipps: 12191



Tankar om tru

Salmeskatten

I år er det 100 år sidan Nynorsk salmebok kom ut. Det er det skrive om annanstad i bladet. Men boka vekkjer minne hjå meg. Som svært mange, trur eg, møtte eg boka fyrst i skulen. For ho var ikkje berre ei kyrkjebok, ho var minst like mykje ei skulebok. Ho låg framme på pulten frå dei fyrste skuleåra, og me song frå henne kvar dag, fleire gonger. I tillegg vart ho med i ranselen heim. For me hadde fått i lekse å læra salmevers utanåt. Gjennom dette har eg og alle som er eldre enn eg, fått ein sams skatt me kan henta fram. Her er «*Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag*». Her er «*Ditt barn eg no vil vera*», «*Djupe stille, sterke, milde*», «*Kjære Jesus, du som sagde*» (som har vorte: «Milde Jesus, dine hender») og mange fleire. Eg ser det tydeleg når eg har andaktar på helseheimen. Viss eg vel salmar eg sjølv lærte på skulen, veit eg at dei som skal syngja salmen saman med meg, kjenner han frå skuledagane sine.

Ein av salmane me song, var «*Himmelske Fader, herleg utan like*». Denne salmen vart fyrst trykt i Norsk barneblad, og Blix har tydeleg prøvd å bruka enkle bilete slik at borna skulle sjå og skjøna. Gud styrer både stjernene og mauren i mold. Me får høyra om ramningane som ropar, og at Gud syter for dei og mettar dei, ja, om svoltne flokkar som får setja seg til Far sitt bord. Og Jesus ikkje berre frelser oss, men leier oss fram til Far sitt fang. Far sit sjølv sagt høgt i himmelstova, du kan mest sjå han føre deg i gyngestolen, og me takkar han med barnemål fordi me får vera borna hans.

Så er det viktig at dette ikkje berre vert barndomsminne, eller forteljingar frå gamle dagar for alle som ikkje har slike minne. Far sende verkeleg Son sin. Alle som vender hugen til han, får sitja på Far sitt fang, får vera Guds born og kan sjå fram til ei framtid i himmelstova hjå han Far. Eg ynskjer alle ein god haust. Og velkomen til kyrkje!



Ingvar Fløysvik

Minneord Kjell Nese

Tidlegare sokneprest og prost i Bjørgvin bispedøme, Kjell Nese, døydde 11.juni 2025, i den månaden då han skulle fylle 89 år. Ved hans bortgang minnest vi ein medarbeidar i bispedømet som var dedikert til si presteteneste, og som sette gode spor etter seg i forkynning og kyrkjelydsarbeid.

Kjell Nese var frå Våle i Vestfold. Etter teologisk embetseksamen i 1965 og eitt år med feltpresteteneste på Jørstadmoen, kom han i 1968 som sokneprest til Vossestrand. Her var han heilt til 1989, då han tok imot stillinga som sokneprest i Arna. På grunn av deling av Bergen Domprosti i 1989, blei det sett inn fleire fungerande prostar til vanleg utlysing var gjennomført. Etter biskop Per Lønning si amodning sa Kjell Nese seg villig til å ta på seg oppgåva som prost i Arna og Åsane prosti. Han var ein lojal prost som følgde opp dei oppgåvene som vart lagt på han. Det var sagt om Kjell Nese at hans leiarstil gav rom for at andre kunne bløme.

Kjell Nese var prest i Bjørgvin bispedøme i til saman 35 år. Han var teologisk konservativ og hadde sin identitet knytt til prestetenesta,

der forkynning av Guds ord stod sentralt for han. Han ville legge ut Guds ord så det for kyrkjelyden kunne gje næring til tru.

Dei siste åra av yrkeslivet gjekk Kjell Nese attende til soknepreststillinga i Arna. I fleire år etter at han vart pensjonert i 2003, gjorde han gjerne teneste som vikar når det var behov for det. “Det er jo prest eg er”, svarta han når han vart spurt om kvar han henta energi til å arbeide. Han hadde si glede i å vere prest, og han omtala det som ei stor og fin teneste, der han sette særleg pris på det vanlege prestearbeidet. Å møte menneske i sorg og glede og vandre saman med dei eit lite stykke på vegen, var noko han såg attende på med glede og takksemd.

Kjell Nese visste alltid å takke Gud og sine medmenneske for det han fekk vere for dei som prest og medvandrar. No er det vi som takkar for den gode medarbeidaren han var i kyrkja i Bjørgvin.

Vi lyser fred over minnet.

Ragnhild Jepsen,
biskop i Bjørgvin



Sukkerspinn, hoppeslott og familieforestillinger

I september kommer
Velkommen hjem til Arna med
forestillinger for hele familien

Visjonen er at folk som vanligvis ikke hører så mye om Jesus og tro og det å være en kristen familie, skal få en kreativ og praktisk presentasjon av hva det kan være og hvordan det kan se ut.

Viggo og Katharina Klausen fra Kristiansand med et team bestående av folk fra flere steder i Sør-Norge kommer til bygda 15.-21. september i år. De har med et stort sirkustelt med blant annet mange artige oppblåsbare hoppeleker, og blir i bygda ei hel uke.

I teltet blir det ulike arrangementer gjennom uken, og i helga inviterer vi til fire ulike familieforestillinger i teltet på Lone ved Shell. I disse forestillingene (som hver varer ca. 45 min) blir det musikk, bibelteater, spennende filmer, leker og konkurranser, loddtrekninger med flotte premier og kreativ trosformidling av Viggo Klausen. Mellom forestillingene blir det

mat og drikke, sukkerspinn, hoppeslott og mange andre aktiviteter - alt gratis! Les mer på velkommenhjem.org.

Utfordringen om å invitere Jesus hjem blir gitt, og om man ønsker, kan man få tilknytning til andre kristne familier i bygda som kan være en støtte etter at Velkommen hjem-uka er over. Bak initiativet står bredden av menigheter i Arna.

Vil du være medarbeider under arrangementet, kan du kontakte Ole Petter Livden ole.petter@arna-misjonsmenighet.no eller Gro Eman ge427@kirken.no - eller noen av de andre i komiteen. Du kan også støtte arrangementet med å gi en gave til Vipps nr. 90230, Velkommen hjem Arna. Vi er veldig takknemlig for alle som vil som være med å be for arrangementet.



Viggo og Katharina. Foto: privat.



Velkommen Hjem-komiteen med representanter fra ulike kirker og forsamlinger i Arna og Ytre Arna. Foto: Ole Petter Livden.



Laurdag 20. og søndag 21. september

FAMILIE- FØRESTILLINGAR

13:00 og 15:00 (på Lone v/Shell)

Aktivitetar og matservering frå 12:00 begge dagar.
Hoppeslott, sumodrakter, ansiktsmåling,
bruskassestabling og mykje anna gøy!

Dette skjer resten av veka:

Tysdag 16. september

17:30-19:30 Supertysdag (1.-7.-klasse)

20:30-21:00 Høgtlesing frå bibelen

Torsdag 18. september

19:30 "Allsong i teltet"

Svingande salmar og songar i ny drakt

Fredag 19. september

19:30-22:30 Ungdomskveld

ALLE ER VELKOMEN!

Arr.: Kyrkjer og bedehus i Arna



Informasjon om konfirmasjonar i Arna i 2026

Arna er framleis i ei prøvetid der vi har konfirmasjons-gudstenester i september i staden for mai. Denne ordninga vil gjelde for dei som ønskjer konfirmasjon i 2026. Om vi skal gå tilbake til å ha konfirmasjon i mai etter dette, er ikkje bestemt. Dei som er fødde i 2011 og er døypte i Den norske kyrkja, står i medlems-registeret vårt og får brev i posten med invitasjon til konfirmanttida. Om du av ulike grunnar ikkje får brev frå oss, er du like fullt velkomen som konfirmant! Ta kontakt med kateket Cathrine Snipsøyr, cs262@kyrkja.no for informasjon, eller les meir på kyrkja.no/arna.



Bok til fire-åringar og til seks-åringar

Sundag 7. september kl. 11 blir det gudsteneste for små og store i Ytre Arna kyrkje. Då skal både de som fyller 4 år dette året, og de som fyller 6 år dette året, få «Mi kyrkjebok». Det er sjølvsagt ikkje same boka, de som er 4 år, får ei bok som passar for dykk, og de som er 6 år, får ei bok som er tilpassa at de no er mykje større. Alle i rett alder som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja og bur i Ytre Arna sokn, får brev med innbyding. Men alle er velkomne, anten de er døypte eller ikkje, ja, endå om de er på besøk frå andre stader! Og så kan de gleda dykk til å høyra barne- og ungdomskoret vårt Non Stop singing syngja.

Har du – eller kjenner du – barn som er i målgruppa, men ikkje har fått brev, er dei velkomne til å få bok! Det er berre å møte på gudstenesta kl 11.



KRIK Arna

Det er starta opp eit gratis fritidstilbod i Arna for ungdom mellom 13 og 18 år. Vi snakka litt med nokre av dei som møtte opp i Lonehallen ein sundag i mai.

Denne gongen er det bobblefotballar som er leigde inn som ein del av tilbodet, og det syntest både ungdommane og dei vaksne var kjempemorosamt!

«Kristen Idrettskontakt» er det fulle namnet, det kan vera nokon er skeptiske til å komma viss dei ikkje er kristne. Det er ingen grunn til å la vera å komma, fortel ungdommane, her er alle velkomne, ja, kom som du er! - Sjølvsagt snakkar vi litt om trua når vi møtest, det er ein andakt som varer mellom 5 og 10 minutt. Denne dagen heldt Maria Hauge andakten, og temaet var «Verdi i Guds auge».

Er det noko anna dokker vil fortelja om KRIK?

- Det er veldig kjekt å vera her. Vi vil at fleire skal komma og vera med oss! Vi vil anbefala KRIK til alle! Du treng ikkje eingong bu i Arna, fortel ungdommane ivrig.

Kva er det som er så bra med KRIK Arna?

- Det er veldig sosialt her, og eg blir meir aktiv.
- Kristent fellesskap.
- Er ikkje så aktiv til vanleg.
- Bra stad å møtast for ungdommar.

Vaksne leiarar er Maria Hauge Dijkstra, Thomas Dale Romslo og Torill Johannessen. Presten vår Gina Marie Reisæter-Thu er også med. Dei vaksne har ei viktig oppgåve med å inkludera alle som kjem, passa på at laga blir rettferdige og snakka med alle. Dei seier at ungdommane må absolutt ikkje vera flinke og godt trente for å vera med. Leiarane fortel til slutt at det kan bli snakk om ein tur eller leir i år, viss det er mange nok som melder seg.

TEKST OG FOTO: ANNE SILJE BIRKELUND



Bilde 1: Bobblefotball var populært!
Bilde 2: Maria og Thomas, to av leiarane av KRIK.

Konfirmasjonar i Arna 2025

Søndag 7. sept kl 1030

Andreas Pettersson Ulveseter
Annika Heggelund Ellefsen
Emma Gjerstad
Fillip Vik Johannessen
Iselinn Emma Rasmussen
Julianne Olava Brusdal Gangdal
Kine Hisdal Johannessen
Lasse Jørgensen
Lea Birkeland Heitmann
Maia Kristin Sveri Fredheim
Matheo Alexander Valdersnes
Koehler
Mathias Matre Lie
Noah Klementsén
Sigurd Hagelin Nybø
Thea Langesæter-Tysse
William Andersen Hjelle

Søndag 7. sept kl 1230

Ada Meldahl
Adrian Kalsaas
Caspar Ekse
Christiane Rosenberg-Nøkling
Emil Fleten Espevik
Guro Garnes
Henrik Unneland
Julie Johnsen
Mathea Olset Thunestvedt
Mathias Johannes Alme
Milla Off
Niklas Ørskov
Sandra Victoria Nilsen Anundsen
Sofie Gading Torma
Thea Hanssen
Theo Thorstensen

Lørdag 13. sept kl 1000

Aurora Davidsen Raas
Elva Emmy Elvira Linnéa
Førland Falkman
Jonas Midtun Endal
Jonathan Lian
Karianne Elisa Johannessen
Gjelsvik
Kristoffer Nordgulen Sætendal
Markus Arnetvedt Fjetland
Silje Helland Kalsaas
Tamara Michelle Nipen
Theodor Henrik Dale
Thomas Røslund Haugsvær

Lørdag 13. sept kl 1200

Eirill Nøkling Moi
Eivor Lilleskare
Emine Venheim Børslid
Jenny Tenden-Vie
Julie Elena Kristensen Kvamme
Leah Tveiten Enger
Leander Ekse Vedå
Lisa Sundland
Maia Sundland
Markus Kippersund Bratland
Nathalie Waldemarsen
Thilde Mæland Onarheim
Tilde Eide Flataker
Tiril Akselberg Opedal
Tuva Espe Aarø

Lørdag 13. sept kl 1400

Brede Hansen
Erik Soltvedt Sivertsen
Gabriel Gjersvik Amble
Hedda Tomine Aihonen Hjellum
Johannes Mjelstad Orvedal
Lewin Våge
Malin Bremnes
Marius Bakke Fleten
Markus Minde
Mats Joakim Helle Bøe
Milan Iversen Longvastøl
Nicholas Kvamme Wollmann
Ronja Bjørsvik
Stella Rose Knoph Lie Falkanger
Tobias Olsen
Ulrik Magnussen Lillefosse

Søndag 14. sept kl 1030

David Garvik Blomdal
Emma Johanne Skaftun Bysheim
Jenny Viktoria Borge Olsen
Maika Aspenes Tepu
Myroslav Yukhymchuk
Victoria Hop
Viljar Njaastad Aasen
Marisol Anteneh

Søndag 14. sept kl 1230

Ailo Andreas Olsen
Alfred Thomas Wærås
Daniel Ragnhildstveit Haukaas
Elias Bruland Klungreseth
Erik Helleve Wollertsen
Jill Hansen
Leon Elias Eikanger
Magnus Lid Bakervik
Mathilde Nævdal Garnes
Olav Skogseth Hagen
Simen Eman
Ørjan Vestrheim Ekeland

Kyrkjekoret feirar 50 år!



Arnagjengen utanfor Molde domkyrkje

I år er det 50 år sidan Arna kyrkjekor vart stifta, og jubileet er allereie markert internt. Ytre Arna kyrkjekor er 'berre' 44 år, så det er ikkje lenge til neste anledning til å feire! Kyrkjekoret består i dag av i underkant av 20 faste medlemmar, etter at dei to kora slo seg saman ein gong på 2000-talet.

I slutten av juni drog kyrkjekoret til Molde for å vere med på framføringa av ein annan 50-åring, nemlig St. Hans-vigilien Rydd vei for Herren av Trond Kverno og Svein Ellingsen. Saman med fleire andre kor og profesjonelle musikarar framførte

dei verket i sin heilskap laurdagen, og med nokre utdrag under guds-tenesta i Molde domkyrkje søn-dagen. Det sosiale er også i fokus for kyrkjekoret, og helga i Molde var også eit godt høve for medlemmane til å verte betre kjent med kvarandre.

Endeleg program for hausten er ikkje spikra heilt, men det som er klart, er at det vert julekonsert i Arna kyrkje 18. desember. Og sidan det er jubileumsår, er dette ein konsert ein ikkje vil gå glipp av!!

I tillegg til den klassiske kyrkje-musikken syng koret også ein del gospel, Lutherjazz og anna knask som kantor og dirigent Olav Arne Steinkopf kjem med. I fjor deltok også kyrkjekoret på ei NRK-guds-

teneste med utdrag frå Eivind Skeie sitt verk *Visst skal våren komme* - til stor glede og for Skeie sjølv, ifølge tilbakemeldingar.

No håpar korleiar Julie Kristiansen, som nyleg overtok stafettpinnen etter Alise Bjørnstad, som har vore leiar sidan 2008, at fleire vil bli med i koret. Særleg herrestemmer er sårt tiltrengde.

Kort har øvingar torsdagar i kyrkje-lydshuset kl. 1730-1930, med ein pause med litt knask ca. midt i. Det er sjølvsaugt heilt uforpliktande å berre dukke opp ein torsdag for å sjekke ut om kanskje kyrkjekoret kan vere noko - alle blir tekne godt imot!

TEKST: JULIE KRISTIANSEN
FOTO: NILS HIDLE

Nynorsk Salmebok 100 år!



Etter at det rundt 1920 ikkje vart semje om ei sams salmebok med både nynorsk- og bokmålsalmar, tok Samlaget initiativ til ei eiga nynorsk salmebok. Det var biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad som fekk oppgåva. Dei brukte fire år på arbeidet.

Boka hadde 711 salmar på nynorsk. I 2. utgåva (1927) kom det også eit tillegg på 200 salmar på bokmål. Forfattarar frå fleire land og ulike tider var representerte, men utgjevarane Anders Hovden

(128 eigne og 81 omsette) og Bernt Støylen (62 eigne og 139 omsette) saman med Elias Blix (110 eigne og 75 omsette) står for nesten seks hundre av salmane. Den nynorske salmeboka fekk svært mykje å seie for nynorsk som kyrkjemål og for nynorsken som samfunnsberande språk. På det meste var salmeboka i bruk i om lag tredjedelen av kyrkjesokna i landet.

Kanskje var det å få nynorsk salmebok i kyrkjene i Arna ein av

grunnane til at Arna mållag vart skipa i 1932. Arna høyrde på den tida til Haus herad. Nynorsk var og administrasjonsmålet til heradet. Kyrkjene på Osterøy hadde kring 1930 teke i bruk nynorsk salmebok, men i Arna-kyrkjene var det framleis Landstad salmebok som rådde grunnen, sjølv om Blix si bok Nokre Salmar vart teken i bruk i Arna og Ytre Arna i tillegg til Landstad frå 1907. Arbeidet for å byte til nynorsk salmebok i kyrkjene i Arna vart difor den fyrste oppgåva mållaget tok opp.

Nynorsk salmebok var i brukt i begge sokna i Arna frå 1936 til 1984. Frå 1937 fekk også begge sokna nynorsk liturgi.

Brit S, Fosse Reigstad
-leiar i Arna mållag

Kjelder:
Store norske leksikon.
Noregs Mållag

Velkomen til markering

av Nynorsk salmebok 100 år i NRK-gudstenesta i Arna kyrkje 19. okt. ved biskop Ragnhild Jepsen



Frå framføringa laurdagen. Arna og Ytre Arna kyrkjekor saman med Molde domkantori, Canite, Schola Cantorum, Sykkylven ungdomskantori, Frei barnekor, Nordmøre ungdomskor, Stavanger domkirkes pikekor, Ung kyrkjesong Møre – Budapestkoret og Korskolen i Spjelkavik kyrkje. Tone Synnøve Øygard Steinkopf var musikalsk ansvarleg.

Bli med i prosjektkor!

I samband med julekonserten 18. desember er det mogleg å vere med i prosjektkor. Det vert eit variert repertoar med nytt og gammalt, tradisjonelt og utradisjonelt hand i hand, knytt til advent og jul. Medverkande er profesjonelle musikarar, solistar og lokale talent i tillegg til prosjektkor og Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Musikalsk ansvarleg er kantor Olav Arne Steinkopf.

Øvingane er i Arna kyrkjelydshus torsdagar kl 17.30-19.30 følgjande datoar: 13/11, 20/11, 27/11, 4/12 og 11/12. Torsdag 18. desember er det frammøte kl 17. Konserten byrjar kl 19.

Dersom du har litt korerfaring frå før og likar å syngje, kan dette vere noko for deg.

Ta kontakt med kantor Olav Arne Steinkopf os377@kirken.no for evt. meir info og påmelding. Påmeldingsfrist 1. november.

Revheim Gravferdshjelp

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no

revheimgravferdshjelp.no



Bli frivillig!

Hausten står for døra, og kanskje lurar du på kva du skal fylle dagane med. Eitt tips kan vere å engasjere seg som frivillig! Det er mykje å velja mellom; dei fleste aktivitetane i kyrkjer, bedehus og andre ideelle organisasjonar treng som regel alltid fleire hender.

Kyrkjebladet vart tipsa om ein av dei stadene der frivilligheit er i sentrum – nemleg **Gjenbruken i Åsane**. Mange kjenner butikken frå oppstarten på Haukeland i Arna, til han vaks ut av lokala der. Vi følgde opp tipset og stakk innom i Liamyrane 5 siste veka før butikken tok sommarferie.

Denne dagen var blant andre to blide Arna-damer på vakt, Bjørg Marit Stølås og Tove Skjoldal. -Det er så kjekt å vere her, seier dei nærast i kor. -Kjekke kundar, og så godt fellesskap mellom oss frivillige! Nokre kundar kjem fast kvar veke, fortel dei. Og det er ikkje alltid handel som er målet, men det å få seg ein kaffikopp og eit vaffelhjarte og ein prat. Bjørg Marit og Tove gjer teneste i butikken ein dag i veka. I tillegg kan dei delta på dugnad kvar tysdag. Då blir hyllene fylt med nye varer, og så er det kaffipause. Bjørg Marit fortel at det kan vere mellom 30 og 40 frivillige som deltek på desse

dugnadane, men det er plass til fleire! Butikksjef Sissel Bjørke, også ho frivillig, stadfestar at det er bruk for fleire hender. Dei fleste medarbeidarane i Gjenbruken er pensjonistar, med sjeldne innslag av yngre. Blant anna har dei hatt studentar eller folk som er i permisjon men som ønskjer å komme seg ut litt.

Arbeidsoppgåvene er varierte, fortel Sissel. Varer skal pakkast ut, gjerne vaskast, vurderast og prisast. Elektriske artiklar må sjekkast, så medarbeidarar med kompetanse på dette er veldig kjærkomne. Og har du interesse for kunst, har dei god bruk for deg! Arbeidstider vert tilpassa, og ein bind seg til minimum to butikk-

vakter i månaden. Leiinga arbeider med å få til langope ein dag i veka, og det – eller laurdagsvakter - kan jo passe for studentar. Også Sissel understrekar det gode fellesskapet som ein viktig motivasjonsfaktor.

Og trivsel smittar! Denne føremiddagsstunda vert sofakroken for liten til alle dei kaffitørste, så eit stort spisebord i nærleiken kjem godt med. Fleire av dei som rusla rundt i butikken, understreka det butikkdamene fortalde: her er trivsel like viktig som handel. Og når ein er heldig og finn ein skatt eller to, så går pengane til gode føremål. Skule, helse og vatn i Afrika, Sør-Amerika, Asia og Noreg er sentrale stikkord for overskotet frå butikkane.

På nettsida gjenbruken.no kan du lese meir om både prosjekta og om frivilligheit. Nye frivillige kan ta kontakt med Gjenbruken i Bergen for nærare informasjon.

TEKST OG FOTO:
MØYFRID OPHEIM



Fleire av medarbeidarane i Gjenbruken er frå Arna. Tove Skjoldal og Bjørg Marit Stølås stortrivst på jobb, her saman med butikksjef Sissel Bjørke.

Ytre Arna sokneråd og Noa open barnehage inviterer til:

Generasjons-Middag

i Ytre Arna kyrkjelydshus

På menyen:

- 27.08 / Tomatsuppe + skulebollar
- 24.09 / Pølsegrateng + eplekake
- 29.10 / Fiskekaker tilbehør + eplekake
- 26.11 / Risengrynsgraut + kringle

NB – med forbehold om endringar

Følg oss på facebook for meir info: **Noa åpen barnehage**
Ytre Arna kyrkjelydshus, Peter Jebsens veg 39, 5265 Ytre Arna
Parkering på P-plassen ved kyrkja.

Illustrasjon og design: Ailine Kristin Lingnau

BASAR

for kyrkjelydshuset i Indre Arna
laurdag 18. oktober kl.14.00

Mykje flott å vinne på loddbooker og årer!
Inntektene går til drift og vedlikehald av huset.

Arr.: Arna sokneråd/husutvalet



SPLEIS-aksjonen til inntekt for oppussing og vedlikehald av Ytre Arna kyrkjelydshus er no avslutta. Det kom inn kr. 10.100, noko som er eit godt bidrag til nytt golv i salen. Det er framleis mogleg å støtte rehabiliteringsarbeidet. Det kan ein gjere ved å bruke kontonummer 5081 08 12726 eller Vipps: 12191, og merke innbetalinga 'Ytre Arna kyrkjelydshus'.

Soknerådet takkar hjarteleg for alle gåver!

Bibeltimar i Ytre Arna i haust

Øg i haust har Ytre Arna kyrkjelyd tre bibeltimar saman med indremisjonslaga i Ytre Arna og på Haugland. Gjennomgangstemaet denne gongen er «Bøner i bibelen». Bibeltimane er sette opp tre onsdagar etter kvarandre, alle kl. 19.00. Kvar gong er det anten ein enkel bibeltid med kaffi etter eller ein dobbel bibeltid – med ein kopp kaffi i pausen.

Program for hausten 2025:

15. oktober i Haugland bedehus. Talar frå Nordhordland Indremisjon: Elias' bøn på Karmel, 1. Kongebok 18.

22. oktober i Ytre Arna kyrkje. Ingvar Fløysvik: Sakarjas lovsong, Lukas 1, 68-79.

29. oktober i Ytre Arna bedehus. Talar frå Nordhordland Indremisjon: Paulus ber for venene i Efesos, Efesarbrevet 3,14-21.

Faste aktivitetar:

Ytre Arna Ving for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annankvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt, deretter aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd mm. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben, for deg i 5. klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna bedehus, annankvar torsdag frå kl. 18-20. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl. 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Vi spelar brettspel, har hobbyaktivitetar, filmkveldar, kveldsmåltid og eit ord for kvelden. Klubb-gudsteneste i kyrkja 3.sept, 22.okt og 19.nov kl 18.30. Denne er open for alle. Klubben har plass til fleire! Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com

Middag for små & store i Ytre Arna kyrkjelydshus. God heimelaga mat, og godt selskap rundt bordet. Kom når det passar mellom kl. 14 og 17. Mat og aktivitet for barna er gratis. Datoar for hausten: 27.aug, 24. sept, 29.okt, 26.nov

Møteplassen i Ytre Arna kyrkjelydshus - Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt føremiddagstreff med prat, kaffi/te og litt å bite i. Ta gjerne med eit hånndarbeid. Datoar for hausten: 15. september, 20. oktober, 17. november og 15. desember, alle kl. 12-14.

Grautlaurdag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus: 30.aug, 27.sept, 25.okt, 29.nov. Gratis kafe med graut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis.

Arna familiekor er ein møtestad for barn i følgje med vaksne. Hot-dogs, saft og kaffi frå kl. 16.30. Song og leik kl. 17-17.30. Følg med på Facebooksida Arna familiekor for meir info.

Likar du å synge?

Ytre Arna Vokal, eller YA Vokal som vi kaller oss, er et blandakor på ca 16 sangere som øver hver torsdag i Ytre Arna Kirke kl 19-21.30. Koret ble opprettet av vår dirigent Bjørn Bergmann i 2015. YA Vokal synger mange forskjellige sjangre, og mest acapella. Eksempler er folketoner, gospel, lett pop og salmer. Vi har lagt oss på et nivå som krever litt notelesing og øver i tillegg hver for oss.

YA Non Stop Singing er eit kor for born og ungdom frå 1.klasse og oppover. No er me rundt ti stykke i alderen 6 til 17 år som syng og har det kjekt saman. Me syng i kyrkja på ein del gudstenester, gjerne gudstenester for små og store. Nokre gonger syng

Vi deltar på gudstjenester i kirken vår, men tar også andre oppdrag. Ta kontakt med oss via Facebooksiden vår, på telefon eller møt opp på en korøving for å avtale prøvesang. Leder Anita Frekhaug tlf. 93497968 Nestleder Kristin H.Grøndal tlf. 48095654

Oppstart er torsdag 21.08.25, kl.19-21.30 i Ytre Arna kyrkje.

me òg andre stader. Leiar i koret er Marianne Vevle Hjortland, mh798@kyrkja.no

Velkommen til øving i Ytre Arna kyrkje kvar onsdag kl. 17.30-18.30! Første øving i haust er onsdag 27. august.

Ønskesongar

Onsdag 10. september kl. 19 ønsker vi å samlast til ein song- og salmekveld i Ytre Arna bedehus med fokus på songønske frå publikum. Ole Corneliussen blir med oss på piano denne kvelden, og han har også ein andakt for oss.

For at vi skal vere litt førebudde, ønsker vi å få inn songønska i forkant. Så ta fram songboka eller salmeboka og bla fram til din favoritt. Kanskje er det lenge sidan vi har sunge den du liker

best. Det kan vere salmar, lov-songar eller liknande, eller songar frå Sangboken. Vi håper på fullt hus denne kvelden. Samlinga er eit samarbeid mellom Ytre Arna kyrkje, Ytre Arna- og Haugland bedehus.

Har du eit songønske, send gjerne ei melding til Solfrid på mob. nr. 482 21 563.

Alle er varmt velkomne!



Foto: Odd Mehus

Tru og vitskap

Temakveld i
Ytre Arna kyrkje
torsdag 2. oktober kl. 19

Prost Leif Endre Grutle
i samtale med prest
Arne Mullen.



DEN NORSKE KYRKJA



Arr. Ytre Arna Sokneråd

Open barnehage

Open barnehage er eit tilbod til deg som er heime med små barn på dagtid. Her kan du komme saman med barnet og ta del i ulike aktivitetar. Vi har leikar og aktivitetar til alle aldersgrupper, også dei aller minste. Ta med matpakke om du vil ete lunsj med oss. Barnehagane har stengt i skulen sine feriar. Det er gratis å vere hos oss.

Noa open barnehage har ope tysdag og onsdag kl. 9-14.30, torsdag kl. 9-14.00 i kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Sakkeus open barnehage har ope måndagar kl. 9-15 i kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Følg med på Facebook-sidene til Noa open barnehage og Sakkeus open barnehage for nærare informasjon.

Begge stader er det trivelege leikeplassar som òg kan nyttast utanom opningstidene våre.



Visste du...

- at vi har 3 trappetrinn opp til altaret som symboliserer treeinigheta? Det er 3 trappetrinn: eitt for Faderen, eitt for Sonen og eitt for Den heilage ande. Dei viser òg veg opp til altaret, som er det aller heilagste i kyrkjerommet.



Betania på Lone

Haustmesse & Basar

Laurdag 27.sept kl 13.30

Kafe

Andakt ved Hallgeir Haaland.
Sal av handarbeid og heimelaga mat.
Kafe med kaffi og kaker.

Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Torill Vik Johannessen
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: [Stamneshagen Auto AS](#)
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stamneshagen



NorEngros

K.J. Brusdal AS



M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGERFIRMA
Etab. 1946



Bodegadrift

drift og utleie av eiendom

Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige. Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet. 2011evf@gmail.com, tlf. 45872399



Espeland Fangeleir Venneforening





BYGGMESTER JOSTEIN GARNES AS



Murmester Sigurd Djønne AS

www.sigurd-djonne.no.no
Tlf. 55 24 21 16
Følg oss på facebook 

Boliger i mur



ARNA

gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no



ODDVAR BJELDE

Tlf. 55 53 55 20 | oddvarbjelde.no



Natur

*Selges ikke to spurver for
et par skilling? Og ikke én
av dem er glemt hos Gud*

Rom. kap 8 v.19+21

Guds omsorg omfatter hele hans skaper-
verk. Ingen er glemt av ham. Hans omsorg
er godt budskap i vår tid. Det gir håp. Det
er skapelsens evangelium.



Foto: Erik Rodal

Er hodet ditt fullt
med



Ring eller skriv. 22 40 00 40
Vi er her. Alltid. soschat.no



Slekters
gang

Arna

Døpte:

Esther Atine Gjelsvik Pedersen	Olav Kvamme
Olav Hommedal Tjelmeland	Per Mæle
Othelie Reigstad Galschiødt	Jorunn Rødland
Philip Leuba Høstmark	Bjørn Ove Eliassen
Åsne Grindheim Rivenes	Magda Mjelde
Jill Hansen	Björg Holmaas
Erik Helleve Wollertsen	Tom Andre Drange
Lewin Salih Våge	Arvid Rolland
Carmen Silden	Alice Lorentze Pedersen
Noah Klementsens	Sidsel Hopsdal Mostrøm
Matheo Alexander	Olav L Hauge
Valdersnes Koehler	Håkon Ytre-Arne
Emil Nikolai Solheimsnes	Kjell Nese
Krogstad	Jørgine Listhaug
Malene Berland Waage	Dag Mjelde
Stig Michael Førde	Grete Lillefosse
Madelen Schnelle Aarbakke	Sverre Solberg
Janne Bjelde	Hjørdis Rannveig Hordvik
Mathilde Ellertsen Hauge	
Tiril Raad Rolland	
Sara Linde Drangevåg	
Gabriel Nesheim Hovland	
Frida Rosseland Flåm	
Elida Tønjum Tunestveit	
Saga Celin Tellefsen Fadnes	
Alva Røen Strand	
Benjamin Garnes Hatlem	

Ytre Arna

Døpte:

Orion Træen Hordvik
Tristan Eide Simonsen
Ingeborg Skår-Aarstad
Hedda Sandnes Balestrand
Kjell Husdal

Vigde:

Victoria Katharina Solheimsnes
& Stian Krogstad

Vigde:

Marie Mulen og Knut Olav
Brekke

Anne-Marthe Hagebø
Helland & Kristian Henanger

Døde:

Benedikte Rongsvåg & Roar Moen	Liv Gunhild Schønning
	Turid Gjone
	Anna Steinsland
	Margot Eide
	Ottar Leif Thorsen
	Åge Angeltvedt
	Finn Askeland
	John Ove Gjerde
	Lillian Skjelvik
Hans Vangsnes	
Björg Schønberg Villanger	
Brita Signe Eidsnes	
Haldis Aastvedt	
Judit Elin Førland	
Anders Koppen	
Liv Reidun Skulstad	

Gudstenestekalender

Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.

Arna: Roar Moen, Mobil: 957 95 324. Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626



24.08.

11. søndag i treeiningstida

Joh 8,31-36

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudst. Fløysvik. Konfirmant-presentasjon.

31.08.

12. søndag i treeiningstida

Joh 4,27-30.39-43

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

07.09.

13. søndag i treeiningstida

Joh 15,13-17

Arna kyrkje kl. 10.30 og 12.30:

Konfirmasjonsgudst. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store.
Mi kyrkjebok til 4- og 6-åringar.
Fløysvik. Non stop singing.

13.09.

Laurdag

Arna kyrkje kl. 10, 12 og 14:

Konfirmasjonsgudstenester.
Reisæter-Thu.

14.09.

14. søndag i treeiningstida

Matt 19,27-30

Arna kyrkje kl. 11.00 og 12.30:

Konfirmasjonsgudstenester.
Reisæter-Thu.

20-21.09.

15. søndag i treeiningstida

Joh 15,9-12

Fellesaksjon: «Velkomen heim».

Sjå nettside og plakatar.

28.09.

16. søndag i treeiningstida

Matt 11,16-19

Arna kyrkje kl. 11:

Gudst. Misjonssundag. Fløysvik.

05.10.

17. søndag i treeiningstida

Matt 5,35-43

Arna kyrkje kl. 11: Gudsteneste:

Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudst. Fløysvik. 50-årskonf.

12.10.

18. søndag i treeiningstida

Mark 1,40-45

Arna kyrkje kl. 11:

Gudst. 50-årskonf. Moen.

19.10.

19. søndag i treeiningstida

Luk 9,57-62

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. 100-årsjubileum
for Nynorsk salmebok. Biskop
Ragnhild Jepsen. Overføring
til NRK.

26.10.

Bots- og bønadedag.

Luk 15,11-32

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

02.11.

Helgemessesundag.

Luk 6,20-23

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Arna kyrkje kl. 17:

Minneguds-
teneste. Moen.

Ytre Arna

kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Fløysvik.

9.11.

22. søndag i treeiningstida

Luk 10,25-37

Arna kyrkje kl. 11:

Familiegudsteneste. Moen.

16.11.

23. søndag i treeiningstida

Matt 24,35-44

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Overføring til NRK.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

23.11.

Kristi kongedag/Domssundagen

Joh 9,39-41

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

30.11.

1. søndag i adventstida

Matt 21,1-11

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudst. for små og store. Lys vaken.
Fløysvik. Non stop singing

Ytre Arna kyrkje kl. 19:

Lysmesse. Fløysvik.

Konfirmantane.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna

www.kyrkja.no/ytrearna

Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.

